

UKM – Ung Kultur Møtest

UKM Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



UKM

The UKM logo consists of the letters 'UKM' in a bold, black, sans-serif font. A yellow five-pointed star is positioned above the letter 'M'.

UKM.NO/HORDALAND

The website URL 'UKM.NO/HORDALAND' is centered in a black, sans-serif font. It is overlaid on a background of semi-transparent, colorful silhouettes of young people playing musical instruments like a guitar, drums, and a bass.

Innhold

Innleiing.....	3
Bakgrunn for UKM	3
Utvikling av UKM Hordaland frå 2015	3
Ungdomsmedverknad	4
Fylkesmønstringa til UKM Hordaland 2015.....	4
Nye satsingar i 2015.....	4
Samarbeid med teknisk arrangør 2015.....	7
UKM-festivalen i Hordaland 2016	8
Nytt namn	8
Samarbeid med produsent.....	8
Ungdomsmedverknad	8
Gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank.....	8
Nye satsingar i 2016.....	9
Gjennomføring.....	10
Regionalt URG	11
UKM-festivalen i Hordaland 2017	11
Ungdomsmedverknad	11
Nye satsingar i 2017.....	12
Samarbeid med produsent for åra 2018-2019	13
UKM-festivalen i Hordaland 2018	13

Vedlegg 1: Info 1 til lokalarrangørane (sendt per e-post til kommunekontaktane desember 2016)

Alle bileta i dette dokumentet er av UKM-deltakarar frå åra 2015 og 2016. Foto: UKM Media

Innleiing

UKM Hordaland er ein del av Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitiske plattform. Hordaland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland og avviklinga av UKM-festivalen i Hordaland kvart år. Dette dokumentet er meint til å informere om korleis arbeidet har vore sidan hausten 2014, kva status er i dag og korleis ein ser for seg UKM Hordaland i 2018.

Bakgrunn for UKM

I 1985 vart det arrangert ein kulturmønstring for ungdom i Akershus, dette basert på ein modell frå Finland. Året etter tok Norsk kulturråd initiativet til prosjektet Ungdommens Kulturmønstring og var den største satsinga på barne- og ungdomskultur i desse åra. Fylkeskommunane tok initiativ til etablering av det nasjonale sekretariatet for UKM, som held til i Trondheim.

Fylkeskommunane har ansvaret for koordinering av UKM i samarbeid med kommunane og det nasjonale sekretariatet. Fylkeskommunane har og ansvaret for tilskiping av fylkesmønstringa kvart år.

Dei fyrste landsomfattande mønstringane hadde temaområder. Musikk var tema fyrste året, deretter scenekunst året etter. I 1989 vart det fokus på biletkunst, kunsthåndverk, film og foto. I 1990 vart temaet «Kultur på tvers». Dette temaet skapte både entusiasme og nytenking og danna grunnlaget for den tverrkulturelle modellen til UKM vi har i dag. Den årlege landsmønstringa har vore arrangert i Trondheim sidan 1991 og denne skifta namn til UKM-festivalen i 2009.

UKM er eit nettverk av små lokale festivalar / mønstringar der ungdom kan delta med all slags kulturuttrykk. Kvar kommune sender ungdom vidare til ein fylkesfestival som representantar for sin kommune. Frå fylkesfestivalane vert det vidare sendt om lag 30 deltakarar til den nasjonale UKM-festivalen som representantar frå kvart fylke. Denne gruppa skal spegle breidda i det unge kulturlivet i fylket. UKM er ikkje ein konkurranse, det er ein møteplass for ung kultur.

Gjennom meir enn 30 år har UKM utvikla seg til å bli det som i dag kan sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM Hordaland er godt forankra, og Hordaland fylkeskommune (HFK) har ansvar for gjennomføring av den årlege UKM-festivalen i Hordaland.



Utvikling av UKM Hordaland frå 2015

I åra 1992 og fram til sommaren 2014 hadde Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) oppgåva med å gjennomføre UKM Hordaland i samarbeid med fylkeskommunen. Hausten 2014 vart arbeidet med UKM Hordaland flytta tilbake til seksjon for kunst- og kulturformidling i HFK. Hovudårsaka til dette var at fylkeskommunen ville ta meir ansvar for vår viktigaste satsing på barne- og ungdomskultur, i tillegg til å kunne gjennomføre ein tettare dialog om UKM lokalt, regionalt og nasjonalt. Fylkeskontakten i UKM har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland gjennom heile året. Frå hausten 2014 har oppgåva som fylkeskontakt i UKM Hordaland vore lagt til ein tilsett ved seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne personen fungerer som mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, regionalt og lokalt. Dette inneber også jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og Ungdommens Ressursgruppe (URG). UA er eit nasjonalt prosjekt i regi av UKM Norge, og vart etablert hausten 2010. Ungdommane som deltek som UA i UKM skal involverast i planleggingsprosess og gjennomføringa for å sikre ungdomsmedverknad i mønstringane / festivalane på alle plan i UKM. URG vart etablert i 2009 av UKM Norge og er ei gruppe ungdommar som gjennom heile året jobbar mot eit betre UKM for deltakarane både lokalt, regionalt og nasjonalt. Kvart fylke skal ha ein ungdomsrepresentant i URG og dei 19 ungdommane i URG vert invitert på helgesamlingar i regi av UKM Norge to gongar i året.

UKM Norge legg føringar for korleis eit UKM-arrangement på fylkesnivå kan, bør og skal vere. UKM Norge inviterer alle 19 fylkeskontaktane til to felles samlingar i året, der den eine er ei konferanse på hausten og den andre er eit arbeidsseminar om våren. I tillegg til å delta på desse samlingane har HFK gjennomført ei kartlegging av korleis dei andre fylkeskommunane arrangerer sine fylkesfestivalar. Det har vore lagt ned eit større arbeid for å styrke og vidareutvikle UKM Hordaland. UKM-festivalen i Hordaland har utvikla seg til å bli ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar og overnatting utgjer ein heilskap, og eit minne for livet for ungdommane som deltek. Vår målsetjing er at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som likar det same som ein sjølv og fått nye vener.

Før, under og etter den nasjonale UKM-festivalen (landsfestivalen) er det fylkeskommunane si oppgåve å informere ungdommane som skal representere deira fylke. For vår del gjeld dette for om lag 30 deltakarar i alder 13-20 år som representerer Hordaland under landsfestivalen. Fylkeskontakt ordnar med fleire vaksne reiseleiarar som er med og overnattar med deltakarane, i tillegg til felles transport, innsending av informasjon frå alle deltakarane (og føresette) til UKM Norge, innsending av kunst og film o.a. Fylkeskontakten er og med heile vegen under reisa for å følgje Hordaland-deltakarane og reiseleiarane. Jamleg dialog med deltakarar og føresette (når deltakar er under 18 år) er et absolutt føremon i denne prosessen.


Vi ser på arbeidet med UKM i Hordaland som ein felles oppgåve for fylkeskommunen og kommunane som arrangerer UKM. Kvar haust vert alle kommunekontaktane (lokallarrangørane) i UKM invitert til ei nettverkssamling for UKM i Hordaland i regi av seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne samlinga er eit godt høve for informasjonsutveksling og diskusjon, i tillegg til at alle kommunekontaktane til å kome med innspel om endringar eller nye idear. Representantar frå UA og URG er og invitert til desse samlingane for å fortelle litt om kva dei gjer og kvifor det er viktig med ungdomsmedverknad i eit ungdomsarrangement.

Ungdomsmedverknad

Ungdomsmedverknad har vore ei særleg satsing i arbeidet om utviklinga av UKM Hordaland. Fylkeskontakten har frå hausten 2014 hatt jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og ungdommens referansegruppe (URG). I møte med desse ungdommane fekk dei sjølv sette premissane på korleis fylkesmønstringa til UKM Hordaland skulle gå føre seg i 2015 og arbeidet med vidareutvikling av UKM-festivalen i Hordaland i 2016 og 2017. Deira innspel har vore grunnleggjande i arbeidet med utviklinga.

Fylkesmønstringa til UKM Hordaland 2015

Frå hausten 2014 hadde vi jamlege møter med URG og UA for å høyre kva forventningar dei hadde for fylkesmønstringa i 2015, kva endringar dei meinte måtte til og kva forventningar dei har i å bidra i utviklinga i UKM Hordaland. Desse møta gjekk føre seg på kveldstid av omsyn til at ungdom går i skule på dagtid. Frå januar 2015 hadde vi kontrakt med ein teknisk arrangør som og deltok på desse møta.



Nye satsingar i 2015

På bakgrunn av alle innspela vi fekk frå ungdommane (UA og URG) vart vi einig om å innføre følgjande innhald som nye satsingar for fylkesmønstringa i 2015:

1. Workshops:

Ungdommane var tydeleg på at UKM-deltakarane måtte få høve til å delta på ein workshop under fylkesmønstringa. Dette for at deltakarane skulle få høve til å lære noko nytt, møte andre som liker å gjere det same som ein sjølv og få kjensla av at UKM er meir enn berre ein kort opptreden. Workshops under ei fylkesmønstring er og nasjonal standard i UKM.

Resultat: Det vart gjennomført 6 workshops under fylkesmønstringa innan kategoriane dans, unge arrangørar, musikk og kunst. Profesjonelle aktørar frå Hordaland var ansvarlege for gjennomføringa av desse. Tidsrommet for workshops var satt til kl.11-14 laurdagen, etterfylgt av offisiell opning av fylkesmønstringa v/ fylkesordførar i Hordaland kl.14:30.

2. Overnatting:

Ungdommane var tydeleg på at overnatting var ein viktig del for at deltakarane skulle få høve å bli kjent og bli ein god gjeng. Det sosiale aspektet ved UKM var tungt vektlagt ettersom ungdommane meinte at fylkesmønstringa måtte bli ein plass deltakarane hadde ønskje om å bli verande der til siste framsyning. Å inkludere overnatting under ei fylkesmønstring er og nasjonal standard.

Resultat: UKM-deltakarane fekk høve til å overnatte frå laurdag til søndag, og dette var frivillig. Stad for overnatting var i Nordneshallen. UA og URG stod som ansvarleg for det sosiale programmet og dei samla deltakarar til å sjå nattkino, spele kort, spele innebandy o.a. Vaksne var tilstade som reiseleiarar. Fylkeskontakt og teknisk arrangør stod ansvarleg for å servere middag, kvelds og frukost.

3. Matsservering:

Ungdommane meinte at alle deltakarane skulle få tilbod om måltid gjennom heile helga, slik at dei ikkje må forlate arena for å kjøpe mat og drikke.

Resultat: Deltakarane og kommunekontaktane vart servert 3 måltid per dag. Lunsj (bagettar og bollar) vart satt fram backstage og i 2.etg. på USF. Middag (lasagne) vart servert i eit større rom på US, medan frukost og kvelds vart servert på overnattingsarena.

4. Scenetekniske prøver:

Fleire kommunekontaktar hadde lenge etterspurt scenetekniske prøver for scene-deltakarane. Ungdommane meinte og at dette var eit viktig tilbod til deltakarane for at dei skulle føle seg trygg før eiga sceneframsyning.

Resultat: Deltakarane fekk høve til å melde seg på ljodprøver / scenetekniske prøver før sceneprogrammet starta. Tidsrom for dette var kl.09:00 – 12:00 laurdag og søndag.



5. Green room:

Ungdommane ville at alle deltakarane skulle få høve til eit sosialt rom for UKM-deltakar (Green room) bak scena. Dette for at UKM-deltakarar kunne få høve til å slappe av, prate og bli kjent med andre, spele spill o.a.

Resultat: Deltakarane fekk to rom bak scena som dei nytta til sosiale aktivitetar. Dette vart også eit rom der UA samla dei UKM-deltakarane som skulle på scena. UA og URG hadde i tillegg dette rommet som sin møteplass der dei gjekk gjennom arbeidsoppgåvene sine i lag.

6. Sosiale aktivitetar:

Med overnatting og Green room under fylkesmønstringa var det naudsynt å ha eit program for sosiale aktivitetar.

Resultat: URG og UA tok ansvar med å leggje program med sosiale aktivitetar for UKM-deltakarane slik at fylkesmønstringa var ein plass ein ville være tilstade på heilt fram til avslutninga søndagen.

7. Kunstkatalog og -utstilling:


Ungdommane meinte at kunst-deltakarane ikkje hadde vore særleg synleg tidlegare og at det var viktig å løfte desse fram.

Resultat: Kunstutstillinga vart vist fram i eit eiga rom (USF Sardinien). I dette rommet vart og kunst-workshop gjennomført og produkta som vart laga av workshop-deltakarane vart og ein del av kunstutstillinga. Vidare vart det teke bilete av alle kunstverka og desse vart vist fram som ein film på lerret på scena (USF Røkeriet) før publikum vart invitert inn til opning av kunstutstillinga. I tillegg til programkatalog med oversyn over alle framsyningane og UKM-deltakarane vart det og laga ein kunstkatalog med bilete av alle kunstverka og UKM-deltakarane i denne kategorien.

8. Blanding av sjangrar under scene-framsyningane:

Ungdommane ville ikkje at det skulle vere framsyningar der same kategori vart satt opp rett etter kvarandre som t.d. at alle danseframsyningane vart samla inn i ein framsyning. Dette meinte dei var med på å fremme eit konkurransepreg, noko UKM ikkje skal vere. Dei meinte og at noko av det som gjer UKM unikt er at UKM-deltakarane deltek med alle moglege uttrykk og då var det viktig at framsyningane skulle bere preg av dette.

Resultat: Kvar scene-framsyning under fylkesmønstringa inneheldt blanding av sjangrar (dans, musikk, teater osv.). Frå scena kunne publikum få sjå innslag av dans, heavy metal, klassisk pianospeling, teater o.a. i same framsyning. Dette er og nasjonal standard i UKM.



9. Oppgaver til UA og URG under mønstringa:

UKM skal være av, med og for ungdom. Ungdommane ønskja å ha fleire oppgaver og meir ansvar under gjennomføringa av mønstringa slik at dei fekk eigarskap til arrangementet. URG ønskja at Hordaland skulle vere vertskap for andre nasjonale URG'er slik at dei kunne vere med og bidra i fylkesmønstringa og evaluere denne i etterkant.

Resultat: Det var 15 UA-deltakarar under fylkesmønstringa og desse fekk ulike ansvarsområde under helga. Som artistvertskap innebar dette at UA tok kontakt med scene-deltakarane som skulle på scena om 20 minutt og viste dei fram til Green room der deltakarane kunne få slappe av før dei skulle på scena. UA hadde ansvar for å halde orden og skape god stemning for alle deltakarane. I tillegg vart dei inkludert i sekretariatet og billettsalet. UA og URG fekk i oppgåve å samarbeide om program med sosiale aktivitetar. I tillegg til Hordaland sin URG-representant hadde vi besøk av tre andre nasjonale URG-representantar; Vestfold, Finnmark og Vest-Agder. URG frå Vestfold og Vest-Agder fekk i oppgåve å ordne til med kunstutstillinga saman med 2 deltakarar frå UA, og ha ansvar for opninga av denne. URG frå Hordaland og Finnmark filma opplevingar gjennom heile helga og klippa dette til ei film (2,5 min.) som ei oppsummering av fylkesmønstringa i Hordaland 2015. Denne videoen vart vist på lerret som siste scene-innslag på mønstringa og ligg ute på youtube med tittel «UKM Hordaland 2015 – Recap»

10. Frå jury til fagpanel:

Ungdommane meinte juryordninga i UKM Hordaland var noko problematisk ved at det kunne gi eit konkurransepreg. Dei kunne vise til at andre fylkesmønstringar hadde gått frå namnet jury til namnet fagpanel og at dei vaksne deltakarar i fagpanelet ikkje var synlege under fylkesmønstringane.

Resultat: Det vart innført fleire fagpanel der vaksne profesjonelle hadde ansvar for kvar sin kategori. Det var eit fagpanel med ansvar for kategoriane musikk / teater / konferansier / anna, eit fagpanel med ansvar for dans, eit fagpanel med ansvar for litteratur, eit fagpanel med ansvar for film, og eit fagpanel med ansvar for kunst.

11. Fagleg, positiv tilbakemelding frå fagpanelet til alle deltakarane:

UKM skal være ein arena ein kan lære noko nytt og det var mange innspel om at kvar deltakar burde få ein tilbakemelding på kva som var bra med innslaget / kunstverket o.a. og fagleg råd om korleis ein kunne utvikle seg vidare.

Resultat: Under fylkesmønstringa vart kvar sceneframsyning, filmframvising og kunstutstilling vurdert av ulike fagpanel. Tilsette i kultur- og idrettsavdelinga var representert i desse fagpanela og reinskriv tilbakemeldingane til kvar deltakar / deltakargruppe i etterkant. Desse tilbakemeldingane vart vidaresendt til alle lokalkontaktane som igjen sendte desse vidare til sine deltakarar.

12. Ikkje presentere vidaresendte etter siste framsyning:

Tidlegare var det vanleg at dei deltakarane som skulle representere Hordaland under UKM-festivalen i Trondheim vart lest opp frå scena på slutten av arrangementet. Eit sterkt ønskje frå ungdomsgruppa var å gå vekk frå denne ordninga.

Resultat: Fylkeskontakten fekk ei liste frå dei ulike fagpanela om kven dei føreslo til å representere Hordaland under UKM-festivalen i Trondheim. Fylkeskontakten ringte rundt til dei som ble valt ut for å høyre om dei hadde ønskje om å bli med til landsfestivalen. 3 dagar etter fylkesmønstringa vart deltakarane som takka ja til dette tilbudet publisert på nettsida ukm.no/hordaland og facebook-sida «UKM Hordaland».



Fylkesmønstringa vart arrangert helga 18.-19.april på USF Verftet. 311 ungdommar deltok i sin kategori som representantar frå sin kommune. På lokalt plan var det totalt 776 ungdommar som hadde delteke på lokalmønstringar.

Etter fylkesmønstringa fekk alle UKM-deltakarar tilsendt ein e-post med spørsmål om m.a. korleis dei hadde opplevd sin deltaking under fylkesmønstringa, kva dei synes var bra og kva dei synes burde ha vore annleis. Resultatet av denne evalueringa var utgangspunkt for dei fyrste møta i ungdomsgruppa etter fylkesmønstringa. Ungdomsgruppa inkluderte framleis URG og UA men hadde vekse frå 2 ungdommar hausten 2014 til å bestå av 10 ungdommar etter fylkesmønstringa i 2015.

Når det gjaldt tilbudet om workshops og overnatting, var det ikkje like mange deltakarar som deltok på dette samanlikna med kva vi hadde venta. Dei UKM-deltakarane som tok del i dette hadde eit klårt betre utbytte av opplevinga frå helga. Høve for å innføre «Prinsipp for deltaking» vart difor lagt fram for diskusjon med ungdomsgruppa etter fylkesmønstringa.

Samarbeid med teknisk arrangør 2015

Seksjon for kunst- og kulturformidling vurderte det som naudsynt å samarbeide med ein teknisk arrangør om fylkesmønstringa i 2015. Arbeidet med å engasjere ein teknisk arrangør til dette arbeidet starta hausten 2014. Kulturutviklingsperspektivet i eit slikt samarbeid var tungt vektlagt i denne samanheng og det hadde difor ikkje vore aktuelt å gi eit pristilbod til kommersielle tilbydarar. Vi ønskja å nytte UKM Hordaland til å utvikle kulturlivet og ville at UKM Hordaland skulle vere til nytte for ei samarbeidspartnar innan det organiserte frivillige kulturfeltet, slik at samarbeidet ville komme organisasjonen sin eigen aktivitet og deira kulturelle målsetjing til gode. Etter ei lengre prosess og ei grundig vurdering vart AKKS Bergen valt som teknisk arrangør i fylkesmønstringa av UKM Hordaland i 2015 (ref. i arkiv: 2014/19523-17). Kontrakt med AKKS Bergen som teknisk arrangør varte frå 01.01.15-01.07.15.

UKM-festivalen i Hordaland 2016

Nytt namn

I 2015 la styret i UKM fram sin vedtekne strategiplan for åra 2015 – 2020. Denne inneheldt m.a. ein modernisering av visjon og profil og endring av namnet Ungdommens Kulturmønstring til å offisielt stå for «Ung Kultur Møtes». Dette namnet meinte UKM Norge ville vere enklare å nytte som forklaring på UKM i ulike samanhengar framfor ordet kulturmønstring. Det ville i tillegg gjere det enklare å omsetjast til andre språk. I tråd med dette endra fleire fylker, inkludert Hordaland, frå «fylkesmønstringa i UKM <fylke>» til å heite «UKM-festivalen i <fylke>». Frå 2016 heiter den årlege avviklinga UKM-festivalen i Hordaland.

I strategiplanen er den nye visjonen «UKM: Norges viktigaste møteplass for ung kultur». I 2015 markerte fylkesmønstringa i UKM Hordaland mykje nytt for å samle alle deltakerane. I 2016 vart alle dei nye satsingane frå 2015 vidareført og styrka. Det var m.a. innført fleire workshops og sosiale aktivitetar.

Samarbeid med produsent

Våre erfaringar i 2015 viste at det var naudsynt å ha ein samarbeidspartnar der kontrakten hadde ei lengre varigheit enn 6 månader. I tillegg var det naudsynt at denne ikkje berre var teknisk arrangør av festivalen, men som produsent i form av nokre fleire samarbeidsoppgåver gjennom heile året. August 2015 starta prosessen i arbeidet med anskaffing av ein produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017. Etter ei grundig og heilskapleg vurdering vart det konkludert at AKKS Bergen ville vere den samarbeidspartnar med høgast kompetanse på gjennomføring av UKM-festivalen i Hordaland som produsent for åra 2016 og 2017. Kontrakt med AKKS Bergen gjeld frå 01.01.16-31.12.17.



Ungdomsmedverknad

Det vart gjennomført jamlege møter med ungdomsgruppa etter fylkesmønstringa i 2015 og fram til UKM-festivalen i Hordaland 2016. Produsent har vore tilstade på møter med ungdommane og viser til å ha god dialog med ungdommane. Ungdommane sine innspel fekk stor påverknad for UKM-festivalen i Hordaland 2016, i tillegg til resultatane frå evalueringa frå 2015. Dei kom m.a. med mange innspel på kva workshops vi burde tilby deltakarane, deriblant at det burde vere ein workshop for UA i forkant av festivalen.

Ungdommane var og veldig positive til å innføre «prinsipp for deltaking» under UKM-festivalen i Hordaland. Med «prinsipp for deltaking» vil dei seie at det er eit føremøn at deltakarane er tilstade under UKM-festivalen i Hordaland frå fredag kveld til siste framsyning søndag. Ungdommane meinte dette ville føre til ei større oppleving for deltakarane under festivalen. I tillegg vil dei deltakarane som får tilbod om å vere med til UKM-festivalen (landsfestivalen) ha kjent litt på kva det inneber å vere tilstade på ein slik ungdomsfestival. Under UKM-festivalen i Trondheim er det meir enn 550 ungdommar frå heile landet tek del i festivalen og overnattar i lag på ein skule i 5 dagar.

Gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank

Hordaland Fylkeskommune har fått ei gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank som skal gå til arbeidet med UKM i Hordaland. Gåva er på storleik 500 000 kroner, fordelt likt over åra 2016 og 2017. Sparebankstiftelsen SR-Bank ein mild gåvegivar utan gjenytelse og denne gåva gir Hordaland fylkeskommune høve til å styrke satsinga kring UKM Hordaland og UKM-festivalen i Hordaland med fleire workshops og fleire sosiale aktivitetar på kveldstid, i tillegg til å tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband framfor playback under UKM-festivalen i Hordaland.

Nye satsingar i 2016

Alle dei nye satsingane frå 2015 vart vidareført til 2016. I tillegg til dette, og innføring av nytt namn, vart vi einig med ungdommane om å innføre desse nye satsingane for UKM-festivalen i 2016, etter råd og innspel frå ungdommane sjølve:

1. Profesjonelt husband:

Vi hadde tidlegare opplevd at mange deltakarar stod åleine med playback på sin scene-framsyning. Etter fylkesmønstringa i 2015 hadde vi eit ønskje om å styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit husband med profesjonelle musikarar å spele med.

Resultat: Under festivalen i 2016 hadde vi eit husband beståande av fire profesjonelle musikarar som spelte på scena med utøvarane. Denne moglegheita var open både for dei deltakarane som spelte i eit mindre band, og dei som stod åleine på scena under eiga framsyning. 14 scene-innslag takka ja til dette tilbodet og hadde øving med husbandet i forkant av framsyninga. Tilbakemeldingar frå deltakarane på dette var svært gode.

2. Utvide festivalen frå 2 til 3 dagar, inkludert «Kick-off»:

Vi opplevde under fylkesmønstringa 2015 at det var svært kort tid laurdag morgon å sette opp produksjonen. Det var eit sterkt ønskje å ha meir tid til å henge opp plakatar, gjere klar Sekretariat og billettbod o.a. før alle deltakarane kom til arena. Samtidig meinte ungdommane at vi burde starte heile UKM-festivalen i Hordaland med eit «Kick-off» fredag kveld for å samle alle deltakarane til å bli kjent før alle framsyningane starta laurdagen.

Resultat: Festivalen vart utvida til 3 dagar og vi starta med å sette opp produksjonen av festivalen fredag morgon. Scenetekniske prøver / lydprøver var og satt opp denne dagen. Fredag ettermiddag var det innkvartering av alle deltakarane på overnattingsarena som var i Haugeveien 28 (Bergen tekniske fagskole sine lokalar) frå kl.17. «Kick-off» starta kl.20:00 og frå scena på USF var det konsert med tidlegare UKM-deltakarar frå Hordaland. Pizza vart servert til alle deltakarane her.



3. Prinsipp for deltaking:

Å representere sin kommune under UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen, møte og bli kjent med andre, vise seg fram og samhandle. Det dreier seg om mykje meir enn å gjere ein kjapp opptreden i Bergen. UKM skal vektleggjast som ei møteplass. UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar og overnatting utgjør ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som representerer sin kommune fortener å få oppleve denne heilskapen, og det er vår oppgåve som vaksne i systemet å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som likar det same som ein sjølv og fått nye vener. Overnatting med «prinsipp for deltaking» er nasjonal standard under UKM på fylkesnivå.

Resultat: Prinsipp for deltaking vart gjeldande under UKM-festivalen i Hordaland 2016. Dette vart presentert og diskutert under nettverkssamlinga med kommunekontaktane hausten 2015.

4. UA-workshop i forkant av UKM-festivalen:

Ungdommane meinte at UA burde ha ein workshop i forkant av UKM-festivalen i Hordaland 2016 slik at desse deltakarane er førebudd på det arbeidet som ventar dei, i tillegg til at dei blir kjent med kvarandre før festivalen.

Resultat: 11.-13.mars gjennomførte vi ein UA-workshop for dei som var påmeldt som arrangørar og sceneteknikarar i påmeldingssystemet. 3 vaksne frå UKM Norge vart engasjert til å halde denne workshopen, der ein av desse hadde ansvar for å gi UA ein opplæring i sceneteknikk. Fylkeskontakt og produsent var

tilstade under heile workshop-helga. Mat og overnatting var inkludert for alle UA-deltakarane. Workshop-program starta kl.10 laurdag og sundag. Fredag og laurdag ettermiddag og kveld var det sosiale aktivitetar på programmet. Desse aktivitetane planla ungdomsgruppa i lag med fylkeskontakt og produsent på førehand.

5. Samarbeid med ein vidaregåande skule om UKM Media:

Vi har tidlegare opplevd at det er få deltakarar i kategori «Media». Denne deltakar-gruppa har ansvar for å ta bilete og gjere intervju av deltakarar under festivalen. I tillegg har vi ein HD-buss frå UKM Norge på besøk som syt for utstyr til ein fleirkameraproduksjon. Med denne produksjonen får vi livestreama alle sceneinnslag på nett og desse vert lagra på nettsida ukm.no/hordaland i etterkant. Men til dette arbeidet er vi avhengig av ein større gruppe deltakarar i UKM Media. For å sikre oss å ha nok deltakarar i denne kategorien var det eit ønskje om å samarbeide med ein vidaregåande skule som hadde medium og kommunikasjon som studieretning.

Resultat: På førespurnad takka Nordahl Grieg vidaregåande skule ja til å samarbeide med oss på dette. Under UKM-festivalen i Hordaland 2016 deltok 10 elevar frå denne skulen i UKM Media og to lærarar var tilstade som redaktørar. Det var 4 deltakarar i denne kategorien som var vidaresendt frå kommunar til UKM-festivalen i Hordaland i denne kategorien. Til saman hadde vi dermed 14 ungdommar i UKM Media og 2 vaksne redaktørar. Dette førte til ei svært god mediedekning med ungdomsmedverknad.

Gjennomføring

UKM-festivalen i Hordaland vart arrangert 15.-17. april på USF Verftet. Overnattingsarena var Bergen tekniske fagskole sine lokalar i Haugeveien 28. 262 ungdommar deltok som representantar frå sin kommune i kategoriane film, kunst, UA (arrangør og sceneteknikk), musikk, litteratur, dans, teater, konferansier og media. På lokalt plan var det totalt 758 ungdommar som hadde delteke i lokale arrangement.

Det vart gjennomført sosiale aktivitetar i regi av UA og URG, både på framsyningsarena og overnattingsarena. Frukost og kvelds vart servert på overnattingsarena, medan dei andre måltida vart servert på framsyningsarena. I 2016 fekk vi besøk av URG Nordland, URG Akershus, URG Hedmark og URG Sør-Trøndelag. Saman med URG Hordaland fekk denne gruppa i oppgåve å sette opp kunstutstillinga og ha ansvar for opning av denne.

Workshops var dette året arrangert både laurdagen og sundagen og alle deltakarane fekk høve til å delta på minst ein workshop denne helga. Oppmøte på workshops var svært mykje høgare dette året, samanlikna med oppmøte i 2015. Etter 3-timers workshop-program var det servert lunsj, etterfylgt av framsyningar for publikum.

Tilbakemeldingane på husbandet viste at dette var eit stort løft, både for deltakarane som spelte med husbandet og for kvaliteten på framsyningane.



I god tid før nettverkssamlinga hausten 2015 fekk alle kommunekontaktane tilsendt eit infoskriv om UKM i Hordaland 2015/2016 og dette var eit av fleire tema på møtet. Det var og høve til å kome med skriftlege innspel før og etter møtet. Vi opplevde at vi fekk mange positive tilbakemeldingar på infoskrivet som m.a. omhandla «prinsipp for deltaking». Det var ingen kommunekontaktar som sa i frå om at dette ikkje var greitt. I mars/april i 2016 (2-3 veker før UKM-festivalen i Hordaland) forstod vi på nokre lokalkontaktar at det var eit utfordrande arbeid å få på plass vaksne som kunne sove med kommunens representantar under festival-helga. Dette tok vi med oss i arbeidet vidare.

Etter UKM-festivalen i Hordaland 2016 var deltakarar og kommunekontaktar spurt om å svare på eit nettbasert evalueringsskjema. Tilbakemeldingar på dette, i tillegg til innspel og forslag vi fekk i etterkant, gjekk vi gjennom og vurderte grundig i mai. Dette har også vore diskusjonstema med ungdomsgruppa. Fyrste møte med denne gruppa var i august og det har vore møte kvar månad etter dette. Ungdomsgruppa inkluderer framleis URG og UA men har vekse frå 10 ungdommar hausten 2015 til å bestå av 26 ungdommar etter UKM-festivalen i


Hordaland 2016. Ungdom veit sjølv best kva ungdom vil ha, så vi ser det som heilt naudsynt å gjere dette arbeidet.

UKM-festivalen i Hordaland er eit kostbart arrangement som krev store ressursar. Det er kostbart å drive UKM, både i form av midlar og arbeidsinnsats. UKM var i sin tid bygga på «frivilligheitsmodellen», noko som ikkje er lett å gjennomføre når det er offentlege aktørar som er involvert i heile prosessen. I UKM må dei vaksne i systemet stadig prøve ut og tenke nye vegar. Brukargruppa (deltakarane i UKM) endrar seg heile tida og vi må stadig sjå etter nye former på korleis vi kan utvikle UKM Hordaland. Fylkestinget vedtok i budsjettet for 2017 ei auke på 150 000 kroner til UKM Hordaland, frå 400 000 kroner til 550 000 kroner, noko som gjer det mogleg å fortsette kvalitetsutviklinga av UKM Hordaland.

Regionalt URG

UKM Hordaland har hatt ein ungdomsrepresentant i URG som har vore med på URG-samlingar i regi av UKM Norge. På desse helgesamlingane er ein URG-representant (alder 15-20) frå kvart fylke samla for å gi innspel om korleis UKM-festivalen (landsfestivalen) kan gjerast endå betre for ungdom. Denne gruppa skriv ein evaluering av UKM-festivalen i lag. Kvart fylke kan søkje om å få URG frå andre fylker til å vere tilstade på eiga fylkesfestival. I 2015 og 2016 hadde vi besøk av URG frå andre fylkeskommunar. Desse besøka har vore veldig nyttige for arbeidet med utvikling av UKM Hordaland då vi har ærlege tilbakemeldingar frå dei med innspel og idear som vi har jobba vidare med.

For URG-representanten i Hordaland har det alltid vore ei målsetjing å få på plass eit regionalt URG, der ungdom frå alle regionar i Hordaland er representert for å gi innspel om kva ein bør gjere betre og / eller annleis i UKM Hordaland. Hausten 2016 vart dette arbeidet i gang for fullt og det er 5 ungdommar i gruppa «Regionalt URG Hordaland». Desse ungdommane kjem frå kommunane Fusa, Radøy, Fjell, Lindås, og Bergen. Dei har kontakt på ei lukka Facebook-gruppe i tillegg til fysiske møter annakvar månad. Deira innspel er viktige for arbeidet med utvikling av UKM Hordaland.



UKM-festivalen i Hordaland 2017

UKM-festivalen i Hordaland vert i 2017 arrangert 28.-30.april på USF Verftet. Kunstutstillinga vert vist fram i Visningsrommet USF, alle filmene vert vist i kinosalen i Cinemateket USF og alle sceneframvisningane finn stad i Røkeriet USF. Overnatting vil vere i Bergen tekniske fagskole sine lokalar i Haugeveien 28.

UA-workshop vert arrangert i forkant av UKM-festivalen i Hordaland 2017, men i noko mindre skala enn 2016. Workshopen går over to dagar (18. og 19.mars) der fylkeskontakt og produsent står for ansvaret for gjennomføringa.

På UKM-festivalen i Hordaland i 2017 vil «prinsipp for deltaking» framleis vere gjeldande, men Hordaland fylkeskommune vil då ta oppgåva med å sørgje for at det er ansvarlege vaksne som overnattar med deltakarane. Kommunekontaktane skal difor ikkje måtte ordne med å skaffe vaksne personar som må overnatte med deltakarane.

Ungdomsmedverknad

Fylkeskontakt og produsent har hatt møte med ungdomsgruppa kvar månad frå august 2016 for å førebu UKM-festivalen i Hordaland 2017. Det har vore oppretta ei lukka Facebook-gruppe der 26 ungdommar frå Hordaland deltek på bakgrunn av at dei ønskjer å vere med i utviklinga av UKM Hordaland. Ungdomsgruppa inkluderer framleis URG og UA. Evalueringa frå UKM-festivalen i Hordaland 2016 var prioritet på dei fyrste møta med ungdommane, der ungdommane har kome med innspel og forslag til forbetringar. Ungdomsmedverknad er eit ressurskrevjande arbeid, men vi ser det som heilt naudsynt å halde fram dette arbeidet. UKM Hordaland skal vera av, med og for ungdom som bur i Hordaland.

Nye satsingar i 2017

Alle dei nye satsingane frå 2015 og 2016 har vore vidareført til 2017. I tillegg til dette vart vi einig med ungdommane om å innføre desse nye satsingane for UKM-festivalen i 2017, etter råd og innspel frå ungdommane sjølve:

1. Røde kors Hordaland som vaktar på overnattingsstaden:

I oppgåva om å ha ansvarlege vaksne tilstade på kveld og natt under UKM-festivalen i Hordaland, styrke kompetansen blant desse og samtidig styrke tilbodet til ungdom med god oppfølging, var det eit ønskje å inngå samarbeid med ein større aktør frå det frivillige feltet med relevant erfaring i høve oppgåvene. Av omsyn til at det er om lag 300 ungdommar med ulik bakgrunn i sosiale lag, religion, etnisitet og nasjonalitet i alder 13-20 år som skal overnatte i lag, er det viktig at dei vaksne som overnattar med desse er ansvarlege vaksne, viser respekt for ungdommane, er upartiske, nøytrale og vennlege i møte med dei. Det er i tillegg viktig at dei vaksne kan assistera og har kunnskap om både fysisk og psykososial førstehjelp dersom det skulle oppstå behov.

Resultat: Hausten 2016 vart Røde Kors Hordaland engasjert til å stille med 20 frivillige på overnattingsarena frå kl.20:00 – 10:00 fredag til laurdag og laurdag til søndag. Dei frivillige i Hordaland Røde Kors har både større og breiare erfaring enn kva som er vanleg å forventa av reiseleiarar i UKM. Med frivillige frå denne organisasjonen vil ein vere trygg på at UKM-deltakarane vert ivareteke på ei god måte under UKM-festivalen i Hordaland på kveld og natt.

Av omsyn til at det er om lag 300 ungdommar med ulik bakgrunn i sosiale lag, religion, etnisitet og nasjonalitet i alder 13-20 år som skal overnatte i lag, er det viktig at dei vaksne som overnattar med desse tilfredsstillende følgjande krav:

- Er ansvarlege vaksne
- Viser respekt for ungdommane
- Er upartiske, nøytrale og vennlege i møte med ungdommane
- Har kunnskap, og kan gjennomføre, både fysisk og psykososial førstehjelp dersom det skulle oppstå behov
- Er tilstade i Haugeveien 28 kl.20:00 fredag kveld frem til kl.10:00 laurdag morgon
- Er tilstade i Haugeveien 28 kl.20:00 laurdag kveld frem til kl.10:00 sundag morgon

Dei frivillige må sjølv ta med seg sovepose, liggeunderlag og toalettsaker.

2. Obligatorisk deltaking under UA-workshop:

UA-workshopen i 2015 var frivillig for UA-deltakarane å delta på. Det var litt over halvparten av denne gruppa som deltok på workshop og vi opplevde at desse ungdommane hadde mykje større kjensle av eigarskap til festivalen der dei sjølv hadde bestemt kva oppgåver UA skulle gjere og kva sosiale aktiviteter ein skulle ha. Frå evalueringa av UKM-festivalen i 2015 var det klart for oss at denne workshop måtte vere obligatorisk i 2016 då den gjer UA-deltakarane godt førebudd på UKM-festivalen i Hordaland. I tillegg er det sosiale aspektet tungt vektlagt, då denne helga gjer det mogleg for UA-deltakarane å bli ei god arbeidsgruppe der alle kjenner kvarandre. Ungdommane meinte og at det er eit føremon at Media-deltakarane og vert invitert for å sette preg på korleis dei ønskjer å jobbe med film og foto under festivalen.

Resultat: UA-workshop vert obligatorisk for dei som deltek som UA under UKM-festivalen i Hordaland 2017. Unntak vert sjølvsagt innvilga på bakgrunn av gyldig fråvær som t.d. konfirmasjonsundervisning, bursdag o.a. URG og UKM Media vil og vere invitert til å delta på denne workshop.

3. Samarbeid med Hyssingen produksjonsskole om UKM Media:

I Hordaland er det få deltakarar som meld seg på i kategori «Media» i sine kommunar. Det er difor framleis eit behov for medie-samarbeid under UKM-festivalen i Hordaland 2017. I 2016 hadde vi eit godt samarbeid med Nordahl Grieg vidaregåande skule. I 2017 skal vi samarbeide med Hyssingen Produksjonsskole.

Samarbeid med produsent for åra 2018-2019

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år. Til dette arbeidet er det naudsynt med eit samarbeid om den praktiske gjennomføringa av festival-helga og samarbeid på utvikling av UKM Hordaland. Kultur- og idrettsavdelinga har vurdert det slik at kontrakt med AKKS Bergen vert vidareført og ny kontrakt for åra 2018-2019 vert inngått. Dette med hovudårsak i at arbeidet framleis er under utarbeiding og at vi så langt har erfart at det er noko fleire kriteria som må liggje til grunn hos organisasjonen det vert samarbeidd med. Av frivillige organisasjonar på kulturfeltet i Hordaland er det så langt Hordaland fylkeskommune kan sjå, ingen andre enn AKKS Bergen som oppfyller desse krava.

UKM-festivalen i Hordaland 2018

Heilt sidan starten av UKM Hordaland er det berre eitt år at fylkesmønstringa og –festival har vore arrangert utanfor Bergen. I 2013 vart fylkesmønstringa arrangert i Oseana i Os. Av omsyn til det regionale ansvaret vi har i UKM Hordaland, er det viktig at UKM-festivalen i Hordaland flytter på seg og at denne festivalen ikkje vert sett på som eit Bergen-arrangement.

UKM-festivalen i Hordaland 2018 vert arrangert i ein annan kommune enn Bergen. Vi har vore i dialog med ulike kommunar i Hordaland om dette.

Fylkeskontakt har i møter med ungdomsgruppa spurt kva dei tenkjer om kor UKM-festivalen i Hordaland bør arrangerast i 2018 og har vore veldig positive til at denne vert arrangert utanfor Bergen i 2018. Etter at evalueringa frå UKM-festivalen i 2017 er gjennomført og vurdert av fylkeskontakt og produsent, vil arbeidet med å sette på plass UKM-festivalen i Hordaland 2018 starte med ungdomsgruppa.